

Webinarer for gardbrukere

Et webinar er et fagmøte som foregår på nett. Man tilmelder seg og får tilsendt en lenke. Via lenken får en tilgang til møtet. Første gang kan en laste ned et program: *Teams*. Men man kan også følge det direkte på nettet. Som oftest er man tilhører, men man kan stille spørsmål enten muntlig eller skriftlig. Det er flere kommende fagmøter som foregår på nett. Sjekk om de er aktuelle.

Kva kan bønder i Rogaland søke Innovasjon Norge om?

Innovasjon Norge skal også i år særleg prioritere ombygging frå båsfjøs til lausdrift i mjølkeproduksjonen og bruk under tretti mjølkekryr. Kva andre prosjekt kan det søkast midlar til?

Bli med på webinar 24.februar 2021 kl. 09:30-11:00 på Teams.

Program

- Status i næringa ved Statsforvaltaren
- Prioriteringer i Rogaland ved Rogaland fylkeskommune
- Litt om prioritering, status m.m. ved Innovasjon Norge
- Spørsmål og dialog.

[Påmelding skjer via denne linken.](#)

Om å nytte hele potensialet på garden

"Kva er mogleg, går det an å lage ein arbeidsplass til på garden, har eg ein gründer i meg?", er det fleire som spør seg sjølv. Velkommen til eit webinar som kan hjelpe deg et steg vidare i prosessen.

Webinar på Teams torsdag 11.mars kl 12-13:30

Program:

- «Business på garden» ved landbruksdirektør Geir Skadberg
- Mangesysleri på Øvregård ved Anita Øvregård

Anita driv gard på Imsland i Vindafjord og har mange jern i elden. Ved sida av mjølkeproduksjonen, har ho tilbod for personar med demens, bakar flatbrød og har no klekka ut fleire idear.

[Påmelding innan 09.mars 2021 her](#). Du kjem til å få ein e-post i forkant av møtet med lenke til webinaret.

Ungskogpleie – kvifor og korleis

Webinar på Teams 4. mars kl 19-20. [Påmelding her](#). Seinast 3. mars.

Ungskogpleie er eit av dei mest lønsame tiltaka ein skogeigar kan gjera i skogen sin. Gjennom ungskogpleien blir tidlegare investeringar i forynging ivaretake, samtidig som ein legg til rette optimal produksjon og valmoglegeitar i framtida.

Dette er det tredje korte kveldswebinaret av fire som gir deg som skogeigar kunnskap om korleis drive effektivt og berekraftig skogbruk og oppnå størst mogleg verdi på din skog. I dette webinaret er det ungskogpleie som er tema. Riktig kunnskap om ungskogpleie er særsviktig og legg til rette for høg produksjon og kvalitet i bestanden. Mathis Lunde frå Skogkurs tek oss gjennom temaet ungskogpleie og vil fortelja om følgjande punkter:

- Kva, kvifor og korleis gjere ungskogpleie
- Treantall
- Treslagsval
- Fleirbruksomsyn

Møtet er gratis og det sendes ut link i forkant.